

**Tysdag 7. november:** *(Med atterhald om endringar)*

**18.00**      **Oppmøte og innsjekk Hotel Union, Geiranger.**

**18.30**      **Frammøte Verdsarvsenteret for Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden.** Omvising og orientering ved tilsette i stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

**19.30**      **Felles middag på hotellet.**

**Onsdag 8. november:**

**Kl. 08.30**    **Oppstart møte i Verdsarvrådet.**

Velkomst ved Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune.

Opning av rådmøtet ved Hans Erik Ringkjøb, leiar av Verdsarvrådet.

**VF 07/17**    **Innkalling, sakliste og møtereferat.**

**VF 08/17**    **Orienteringar og meldingar.**

1. ”**Kommersielle ferjekonsesjonar og båtruter i verdsarvområdet Geirangerfjorden med omland**»: Sluttrapport/ oppsummering ved Inge Bjørdal, nærings sjef, Stranda kommune.
2. **Revisjon av felles skiltmal for Vestnorsk fjordlandskap:** Status ved verdsarvsekretariatet. *(Utsett frå førre møte.)*
3. **Tildeling 2017 av tilskot over Statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv:** Orientering ved Arlen S. Bidne, rådgjevar, Sogn og Fjordane fylkeskommune. *(Utsett frå førre møte.)*
4. **Nytt frå Miljødirektoratet** – Om framlegg til Statsbudsjett 2018, rapport frå Verdsarvkomiteen sitt møte i Krakow og om klagesak på Vega. Orientering ved Tom Dybwad, seniorrådgjevar, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
5. **Framlegg til Statsbudsjett 2018 - orienteringar for Stortinget sine komitear.** Rapport ved Hans Erik Ringkjøb, leiar av Verdsarvrådet og Norges Verdensarv sitt politiske råd.
6. **Detaljregulering av innseglinga til Flåm** – orientering ved Ingunn B. Skjerdal, Aurland kommune, om status kring Kystverket sine planar for utdjupingstiltak kring Fretheimsgrunnane i Aurlandsfjorden.
7. **Sjøfartsdirektoratet sin rapport om utslepp i Verdsarvfjordane:**
  - Kopi av skriv frå Stranda kommune ved hamnevesenet om kva som m.a. vert gjort for å spreie fartøybesøk.
  - Kopi av skriv frå Aurland kommune om kva som m.a. vert gjort for å spreie fartøybesøk.
  - Referat frå Aurland og Stranda kommunar sitt møte med Sjøfartsdir. den 3. oktober.
8. **Grøn Fjord 2018** – orientering ved sekretariatet.

**Kl. 10.00**    **Pause og beinstrekk. (15 min.)**

**VF 09/17**    **Reguleringsplanarbeidet for Geiranger.**

*Dokument som ligg ved saka:*

•  
Jan Ove Tryggestad, ordførar Stranda kommune, vil i møte gjere greie for grunnlag, målsetjing og status kring reguleringsplanarbeidet i Geiranger – eit sær utfordrande og komplisert planarbeid som involverer ei rekkje sektorstyresmakter.

Saka vert i denne omgang lagt fram til drøfting og uttale frå Verdsarvrådet.

**Framlegg til semje/ uttale frå Verdsarvrådet:**

*Framlegg til uttale vert lagt fram av Stranda kommune i møtet.*

**VF 10/17**

**Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap.**

*Dokument som ligg ved saka:*

- *Innkalling og sakliste til møte i arbeidsutvalet den 30. oktober.*
- *Oppsummering frå møte i arbeidsutvalet. ( Vert ettersendt).*

Tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vega vart utarbeidd og vedtekne av høvesvis Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og Vega kommune i juni 2007.

Planen har som kjent eit hovudmål å oppretthalde eit levande og opplevingsrikt kulturlandskap i Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet gjennom ekstra økonomisk støtte til det sjølvgåande og husdyrbaserte landbruket. Eit anna hovudmål er at tiltaksplanen skal styrke den faste busetnaden i verdsarvområdet.

Verdsarvrådet ved leiar, nestleiar og sekretariat har ved fleire høve fremja og synleggjort for sentrale styresmakter verdien av tiltaksplanen . Samstundes er det peika på at det er naudsynt å styrke økonomien i eksisterande ordningar i tillegg til å etablere ordninga med eit eige investeringsbidrag .

Tiltaksplanen er unik og var i si tid eit resultat av ein sterk og engasjert felles innsats frå både politikarar og administrasjon / fagpersonar. Verdsarvrådet handsama saka og på førre møte i Bergen og samla seg etter drøftingar og ordskifte om fylgjande:

*«Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er svært uroleg for utviklinga i verdsarvfjordane med omsyn til noverande og framtidig landbruksdrift.*

*Bevaring av kulturlandskapet har sidan innskrivinga på verdsarvlista i 2005 vore ei viktig og prioritert sak for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.*

*Med dette som grunnlag er Verdsarvrådet i denne saka samde om fylgjande:*

1. *Investeringsmidlar omtalt i «Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan» må inn på statsbudsjettet.*
2. *Det vert sett ned eit arbeidsutval med repr. for Verdsarvrådet og forvaltninga som til neste møte ser nærare på vegen vidare for å få til ei auka landbruks-satsing for å ta vare på kulturlandskapet.*
3. *Arne Sandnes får i lag med sekretariat og leiarskapen mandat til å fylgje opp saka vidare.»*

Arbeidsutvalet hadde sitt fyrste møte den 30. oktober i Loen kor mellom anna utvalet sitt mandat vart grundig drøfta. Frå saksordførar sin ståstad vart det halde fram, med utgangspunkt i historikk og målsetjing, at gjeldande mandat ikkje er dekkande for utvalet/ prosjektet sitt arbeid. Medlemene av utvalet var ikkje direkte usamde men kom til at ei evt. endring/ justering av mandatet i dette høvet berre kan gjerast/ godkjennast av Verdsarvrådet og ikkje arbeidsutvalet.

Saksordførar Arne Sandens vil, med grunnlag i oppsummeringa frå arbeidsmøtet, legge fram forslag til justeringar i utvalet sitt mandat.

**Framlegg til semje/ uttale frå Verdsarvrådet:**

*Framlegg til semje vert lagt fram til drøfting i møtet.*

## **VF 11/17 Besøksforvaltning og lokal samfunnsutvikling.**

*Dokument som ligg ved saka:*

- *Skisse/ rammeverk utkast til plandokument pr. 30. oktober d.å.*

Prosjekteiar Hanne Lykkja orienterte på førre møte i Bergen om status i FoU-prosjektet og vegen vidare – jfr. VF 05/17. Verdsarvrådet samla seg då om fylgjande uttale til det som låg føre:

*«Verdsarvrådet sluttar opp om framdrifta i prosjektet og tek orienteringa til vitande. Utkast til besøksforvaltningsplan vert lagt fram for Verdsarvrådet til handsaming/ uttale i byrjing av 2018.»*

Vedlagt skisse/ rammeverk som grunnlag for utkast til plandokument vert i denne omgang lagt fram for Verdsarvrådet til drøfting/ uttale evt. innspel til endringar og justeringar.

Prosjekteiar vil i møte føreta ein gjennomgang av dokumentet sin struktur og oppbygging.

### **Framlegg til semje i/ uttale frå Verdsarvrådet:**

*Saka vert lagt fram til uttale i Verdsarvrådet utan tilråding frå sekretariatet.*

## **Kl. 14.00 Kaffipause og beinstrekk (10 min.)**

## **VF 12/17 Val av leiar for Verdsarvrådet 2018 - 2019.**

I samsvar med retningslinene skal det kvart 2. år veljast ny leiar og nestleiar av Verdsarvrådet. På same tid skal leiar og nestleiarvervet veksle mellom Nærøyfjordområdet og Geirangerfjordområdet. Hans Erik Ringkjøb, Voss kommune, og Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune, har hatt høvesvis leiar og nestleiarvervet for perioden 2016-2017. Erling Oppheim har hatt oppgåva som sekretariatsleiar.

Det skal no veljast nye personar til verva slik at Geirangerfjordområdet no overtek leiaransvaret og Nærøyfjordområdet overtek nestleiaransvaret for åra 2018 - 2019.

Hovudsekretariatet vert og på same tid flytta til Geirangerfjordområdet og stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

### **Framlegg til semje i/ uttale frå Verdsarvrådet:**

*Saka vert lagt fram for Verdsarvrådet utan tilråding frå sekretariatet.*

## **VF 13/17 Val av nestleiar for Verdsarvrådet 2018 - 2019.**

Det vert synt til omtale i sak VF12/17. Saka vert lagt fram for Verdsarvrådet utan tilråding frå sekretariatet.

### **Framlegg til semje i/ uttale frå Verdsarvrådet:**

*Saka vert lagt fram for Verdsarvrådet utan tilråding frå sekretariatet.*

## **VF 14/17 Møteplan 2018.**

Verdsarvsekretariatet fremjar fylgjande møteplan for 2018:

### **Framlegg til semje i Verdsarvrådet.**

*Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er samde om fylgjande møteplan for 2018:*

*Vårmøte: 10. - 11. april 2018.*

*Stad/ vertskap: Lærdal kommune.*

*Haustmøte: 23. - 24. oktober 2018.*

*Stad/ vertskap: Norddal kommune.*

*I tillegg vert det ved behov gjennomført arbeidsmøter mellom leiar/ nestleiar og sekretariat.*

## **VF 15/17 Ymse.**